

Møtebok
BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og John Olav Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Mandag 28.01.2019.kl 18.00

Sak 01-01-19: Innkallinga vart godkjent

Sak 01-02-19: Godkjenning av møtebok 27.11.2018

Sak 01-03-19: Referatsaker: Møtebok frå AU 21.01.2019

Sak 01-04-19: Orienteringssaker

Asbjørn deler litt tankar rundt det med kyrjekaffi. Samt informerte om turen til Cochabamba med kompetanseutveksling frå Bømlø Brannvern.

Sak 01-05-19: KN-Aksjonen

- Soknerådet fordelte oppgåver til KN-Aksjonen. KN-Aksjonen er satt til Tirsdag 9.April 2019 kl.18:00-20:00.

Sak 01-06-19: Mindre praktiske oppgåver og vedlikehald i Bremnes Kyrkje

- Soknerådet har tidlegare snakka om å vedlikehalda og laga til nokre nye hyller og bord i kyrkja. Samtundes er soknerådet oppmoda om å koma med forslag til mindre forbetringar og vedlikehald i kyrkjerommet som kan la seg gjera før jubileumet til hausten. Soknerådet var samde om at alle ytterdørar samt veggen mot vest ved tårnet bør vedlikehaldast. Soknerådet er samde om å høyre med fellesrådet for midlar til dette. Soknerådet diskuterte også korleis ein kunne organisera og utnytta sakrestia i kyrkja betre.

Sak 01-07-19: Konserttilbod til 150års-jubileumet.

- Ivar Mæland har kome med tilbod om ein konsert i jubileumsveka. Soknerådet lyt finna ein dag som kan passa for dette arrangementet. Soknerådet vart samde om å setja saman ein komite for å leggja ein plan over jubileumsveka. Komiteen består av Berit Hallaråker, John Olav Habbestad, Asbjørn Gundersen samt kontor, diakoniarbeidar og kyrkjelydspedagog.

Sak 01-09-19: Medarbeidarfest

- Soknerådet lyt setja saman ein komite til medarbeidarfesten som blir den 5.April på Ungdomsheimen. Reidar Ådnanes kjem og held andakt og Ingalill ordnar med mat og det praktiske på ungdomsheimen.

Sak 01-09-19: Nye mikrofonar til Bremnes Kyrkje

- Det er ynskje om to nye kor-overhead mikrofonar med stativ samt mikrofonar til pianoet. Soknerådet vart samde om at dette er det bruk for.

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær